


Filmen hadde premiere på hingstestillinga på Nordfjordeid 1. mai 2019.



Olav Karstad, ikkje den same Olav som er nemnt på biletet her, var ein ivrig fjordhestmann og flittig fotograf. Han la ned eit stort stykke arbeid i å dokumentere ulike fjordhestarrangement, og laga sjølv kommentarplakatane innimellom opptaka.



Eldre menn med hatt: Det var lenge på hingsetutstillingane. Mykje av det difor av stort sett godt vaksne karar.

– Filmen har historisk for dei som er hestel

I Breimshallen 1. mars skal Steinar Hilde vise filmen «Fjordhesten - Historia i film», med unike opptak av folk og fe heilt tilbake til 1930-talet.

SIRI CECILIE FLATJORD
siri@firdatidend.no

– Det gjekk eit gisp gjennom salen då dei første bileta rulla over lerretet på premieren, seier Steinar Hilde, om filmen som vart laga til Nordfjord Fjordhestlag si hundreårsmarkering på Nordfjordeid 1. mai 2019.

Begeistra

Filmen er sett saman av filmopptak frå fleire kjelder, dei første heilt tilbake til 1938. I tillegg inneheld han biletemateriale frå mellom anna Rimfaksestriden, som fann stad i Innvik i 1906.

– Publikum i salen var alle godt over gjennomsnittleg hesteinteresserte. Då dei fekk sjå levande bilete av ein fjordhest frå 30-talet hadde dei ein kollektiv reaksjon, fortel Hilde.

Han driv firmaet Filmdigitalisering AS, og er mannen bak fjordhestfilmen.

I ei årrekke har han tatt imot gamle film-, lyd- og lysbiletemateriale til digitalisering i studioet

på låven sin heime på garden i Innvik.

Gamle opptak

Steinar hadde lenge visst at det eksisterte gamle filmopptak frå hesteutstillingar i distriktet på tidlegare Langvin jordbruksskule i Innvik, og hadde sjølv sett klipp av dette då han var elev ved skulen på 1980-talet.

Olav Karstad, som var siste rektor på Mindresunde Jordbruksskule i Stryn, og første rektor då Langvin Jordbruksskule i Innvik vart etablert, var ein ivrig fotograf.

– Karstad tok opp mykje 16 mm film, noko som var veldig uvanleg og dyrt på 30-talet. I regi av skulen reiste han i fleire år mykje rundt på landbruksmesser og hesteutstillingar og gjorde opptak.

Ti års jakt på materialet

Steinar vart etterkvart fulltidsbonde, og ein hektisk kvardag gjorde til at han gløynde filmmane han hadde sett glimt av på skulen. Men på starten av 2000-talet byrja han å tenkje på opptaka igjen.

– Eg visste det var film frå både Innvik og fleire landbruksutstillingar, og hadde verkeleg lyst å undersøkje dette nærare. Men det var ikkje før nokre

år seinare, då eg fekk tak i ein scannar til 16 mm film, at eg tok opp jakta, smiler han.

Ti år tok det, før han hadde klart å få tak i alt, der både tilfeldigheiter, stå-på-vilje og flaks spelte inn undervegs.

Det viste seg at samlinga var spreidd både til Stryn, Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane, og noko heilt til Oslo, der sonesen til Olav Karstad budde.

Sikra seg rettighetene

– Han tok kontakt med meg, og sende alt han hadde frå beste-faren i posten. Vi gjorde ein avtale, der han fekk alt materialet digitalisert gratis, medan eg fekk rettighetene til filmen.

Etter at dei gamle 16 mm filmene var digitalisert, vart det lagt vekk på lagring. Ved ei tilfeldigheit fortalde innvikaren om opptaka han sat på til den pensjonerte journalisten og tidlegare redaktøren i bladet «Fjordhesten», Inge Fænn frå Stryn.

– Han meinte eg måtte setje det saman, for dette var det heilt sikkert mange som var interesserte i å sjå. Så fekk eg ein førespurnad frå Nordfjord Fjordhestlag om eg kunne tenkje meg å lage ein film av dette, som kunne visast på jubileet dei skulle ha i 2019. Då var det avgjort, smiler han.

70 minuttar

Hilde forstod raskt at skulle han lage ein film som var interessant for eit publikum, måtte han ha fleire kjelder. Karstad sine opptak gjekk berre fram til 1955.

Ryktet om at karen frå Innvik ville lage film om fjordhesten, spreidde seg i nærmiljøet, og han fekk tips om ein mann ved namn Arne Myklebust på Sandane. Han skulle ha fleire 8 mm filmopptak frå 70- og 80-talet av «nasjonal»-hesten på Vestlandet.

Desse, saman med opptak frå 50- og 60-talet som han fekk tak i frå ei dame frå Bryggja, der ein får sjå hestar i arbeid på gardar i området, utgjør råmaterialet til det som no er blitt ein 70 minutt lang film om fjordhesten.

Utvikling

På slutten av filmen får ein sjå opptak frå fjordhestutstillingar på 2000-talet.

– Gjennom filmen får ein eit innblikk i den rivande utviklinga som har vore i fjordhestmiljøet. Før var det eldre menn med hatt som dominerte, og fjordhesten var primært eit arbeidsreiskap på gardane. I dag er det dei unge jentene og damene som har tatt over ansvaret for å føre den viktige arven om denne flotte hesten vidare.

Hilde sjølv er tydeleg på at han ikkje er nokon hesteekspert, og har fått hjelp frå hestekyndige folk under arbeidet med filmen. Inge Fænn som oppmoda han om å ta fatt på arbeidet, står for kommentarsporet.

Fjordhesten og Gloppen

No gleder Steinar seg til å kunne vise fram filmen i Breimshallen 1. mars, og håpar mange gloopparar møter opp.

– Breim og Gloppen har lange tradisjonar med fjordhesten, og eg kan ikkje forstå noko anna enn at det må vere mange i kommunen som har glede av å sjå han.

Etter premieren på Nordfjordeid i 2019, var det fleire som kom bort til Hilde og kommenterte kor fantastisk det var å sjå korleis fjordhesten har forandra seg, reint fysisk, frå 30-talet og fram til no.

– Det var nok det som låg bak gispet frå publikum i starten, at kroppsbygningen til hesten har endra seg så mykje på desse åra. Det er slik som hestefolk ser med ein gong. Eg hadde nok ikkje lagt merke til det om dei ikkje hadde poengtert det, ler han.

Historia bakanfor

Er du interessert i hest generelt



Ikke lov for kvinner og born å delta tidlegaste filmmaterialet bestod



Verda på fram: Etterkvart innhenta fornufta hestemiljøet, og alle lag av samfunnet vart inviterte inn. I dag er det dei unge jentene som dominerer fjordhestmiljøet.



Steinar har ein komplett kinorigg, og kan vise fram filmene han har laga til ulike lag og organisasjonar der dei er, eller i eigen kino på garden. – Slike lokalthistoriske filmar skal sjåast i lag med andre, det er heile tanken bak det, seier han.

sk verdi, ikkje berre interesserte

og fjordhest spesielt, er dette verkeleg filmen for deg. Firda Tidend sin utsendte er nok inga hestejente, men hadde likevel ei flott oppleving. I Hilde sin eigen kino på garden, i rommet som ein gong husa fleire hestar, fekk ein i løpet av 70 minutt sjå noko meir enn berre fjordhesten si historie.

Filmen gjev deg unike bilete av ein tidsepoke som vi gjerne berre er vane med å sjå i «Filmavisen» på NRK, og då sjeldan frå våre kantar. I tillegg til dei flotte dyra, får ein i «Fjordhestfilmen» sjå andletsuttrykk og augeblikk i livet til personar som ein kanskje vil kjenne igjen, på plassar ein absolutt kjenner igjen.

– Dette er ikkje ein film berre for dei hesteinteresserte, konstaterer Hilde.

– Det er mykje interessant å sjå bak og rundt hestane òg, den har verkeleg ein historisk verdi.

Steinar Hilde driv firmaet Filmdigitalisering i den ombygde låven sin i Innvik, og lever og andar for å ta vare på historia, slik at ho ikkje blir tapt for framtida.

